

På utbyterik sumarcamp.

28.06.2018



Birk Sæle, Anna Elisabeth S. Eik og Kristian Øvstebø deltok på sumarskicampen.

Tre spreke uskedalsungdommar har delteke på Hordaland skikrets sin sumarcamp i Jondal og på Folgefonna. Deltakarane herfrå var Birk Sæle, Anna Elisabeth S. Eik og Kristian Øvstebø. Leiren varte frå 23. til 26.juni, og deltakarane fekk godt utbyte frå dagane med dyktige trenarar og gode og inspirerande treningsøkter både på ski og barmark.



Det var varierte og kjekke aktivitetar og ein fekk nye venner.

Birk Sæle og Anna Elisabeth Samland Eik er velkjende frå skisporet, og sist vinter deltok dei i både lokalt og i kretsregi med gode resultat. Dei to var også med på campen i fjor, og dei gode erfaringane både treningsmessig og sosialt gjorde at dei såg fram til årets camp.

Meir overraskande for dei langrennsinteresserte var nok den tredje deltakaren, Kristian Øvstebø. Så langt eg kjenner til har han ikkje delteke i langrenn dei siste sesongane. Derimot er han kjend som ein god fotballspelar og løpar. Særleg i motbakkeløp har han imponert stort.

Då eg trefte på Kristian dagen etter heimkomst, var det ein svært fornøgd gut eg møtte. Han kunne fortelja om ei svært kjekk samling både sosialt og treningsmessig. På spørsmål fekk eg også greie på at han ville prøve å satse på langrenn komande sesong. Det er eit spennande valg, for vi veit at mange av toppløparane våre er råe i motbakkeløp. Det er nok å nemna Therese Johaug. Mange kan også sjå tilbake på ei god fotballkarriere då dei var yngre, og det vert sagt at fleire av eliteløparane kunne ha hevdå seg godt i toppfotballen om dei hadde satsa i den retninga.

- Eg merka no godt at eg har ein god del å læra når det gjeld teknikk, kunne Kristian fortelja, men det er naturleg, og det er berre å jobba på med det så vert det betre, la den målretta ungguten til. Han kunne også fortelja at i

intervall- og kondisjonsøktene hevda han seg svært godt.



Møtet med Andrew Musgrave var svært inspirerande og lærerikt.

Treningane vart leia av dei beste trenarane i skikretsen med adm.sjef i Hordaland skikrets, Bernt Rusten opphavleleg frå Sandvoll, i spissen. Men dei hadde også storfint besøk i den skotske toppløparen Andrew

Musgrave som kan skilta med NM-tittel i både sprint og stafett i tillegg til topp internasjonale plasseringar.
- Han var veldig flink, og i tillegg var det inspirerande å høyra korleis han hadde kjempa seg fram til verdstoppen mellom anna ved å flytta til Norge for 8-9 år sidan, kunne Kristian fortelja om møtet med verdensstjerna som slett ikkje kjem frå nokon langrennsnasjon.

Musgrave går no for Røa same klubb som Martin Johnsrud Sundby, men han bur i Trondheim, og Kristian kunne røpa at vi i framtida kanskje får sjå han på lag med den største stjerna, Johannes Høsflot Klæbo, i Byåsen. Han kunne også fortelja at det store målet til Musgrave som tidlegare var best i sprint, no er femmila i neste OL.

Det er ingen tvil om at dei tre campdeltakarane har fått ein god og inspirerande start på treningsarbeidet fram mot neste sesong. Det vert spennande å følgja både dei og resten av løparane i den driftige skigruppa vår til vinteren.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Hordaland skikrets